



Jamvekta mellom fridom og autoritet

Taler

Nils Trædal

Dato

14 desember 1945

Sted

Stortinget

Omstendigheter

Debatt om trontalen og regjeringserklæringen (4)

1 Det som den siste talaren slutta med, er vel det interessanteste som har vori sagt i dette ordskiftet i dag. Det reiser det eigenlege problem, eller kanskje det er svaret på det som har levd i mange: Quo vadis, Gerhardsen? Etter sluttsatsen her om at dersom vi andre ikkje fylgjer, er arbeidarpartiet parat til å slå lag med hr. Løvlien, 5 skulle vi såleis ha gjeve hovudleia. Eg vil vona at eg har mistydt, eller kan henda den siste talaren ikkje greidde å gje rett uttrykk for det som han inst inne meinte. Det ville vera litt trist å ta til med den nye arbeidsdagen i Stortinget og i Noreg, og vita at statsministeren med sitt fylgje på førehand har forsvori seg til Furubotn.

10

Elles var det med ei viss interesse eg også hørde at eg, saman med kollega Lavik, var frigjort når det galdt å uttala seg. Med den ordning av talarlista som her hadde kome i stand, fylgde det at representanten Natvig Pedersen, føraren for arbeidarpartiet, skaffa seg grunnlag utan bondepartiet og kristeleg folkeparti. 15 Dermed har vi såleis den føremon, hr. Lavik og eg, at vi kan spela litt friare enn dei hine.

20

No vil eg seia at det er få ting i den lange ynskelista som kjem fram i trontalen og enno meir i fråsegna frå Riksstyret, grunnlaget for dette ordskiftet, som eg treng 20 å ta avstand frå her i dag, og det er verkeleg ingen ting i det som gjev meg noko sjokk. Det er då heller ikkje, tykkjer eg, nokon sakleg grunn til, som det delvis har vori gjort her i dag, å drøfta altfor inngåande desse mange einskilde herlegdomar som vi meiner å skulla få. Det ligg no for det fyrste i dagen at vi ikkje har framlegg om dei, annarleis enn at dei så vidt er nemnde, og for det 25 andre veit i alle fall dei fleste av oss, som ikkje har vori så lukkelege at vi som ein tidlegare talar har sett råbudsjetta hos finansministeren, lite om kva vi kan rå med økonomisk for å kunna gjennomføra, realisera, verkeleggjera det som i

Noregs storting i dag har vori lyft opp for folket som store ynskemål, og derfor
30 kan eg for min del berre uttala at eg kan seia meg samd i mange ting av det som
er haldi fram i trontalen og fråsegna som ynskje. Eg kan for min part seia at eg av
heile mitt hjarte ynskjer at det må lukkast for riksmaktene å verka med til at vi
får atterreist vår industri, at vi får bygt opp att vår handels- og fangstflote til det
dei var føre krigen, og gjerne enno vidare fram. Det er lett for meg å vera samd i
35 det nyttige i å gjera Noreg til eit meir utvikla turistland, jamvel om spørsmålet
nok kan ha sider som kan føra til meiningsbrytningar. Vidare kan eg streka
under at det er visseleg fleire riktige ting med omsyn på fiskerinæringa, m.a. er
trålarproblemet så vidt nemnt, og ein kan vel med god grunn sjå i møte med ei
viss spenning framlegg til lovbrigde i den materie. At riksmaktene seier seg
40 samde i å stø tiltak som kan auka skogen si produksjonsevne, vil knapt møta
motsegn frå nokon. Heller ikkje vantar det, kan eg tenke meg, vilje til å
rasjonalisere våre samferdselsmiddel, koordinere dei og utvikle dei. Vidare
utvikling av trygdeordningane våre med det mål å nå fram til ei sams trygd er i
fullt samsvar med vårt program. Og til og med jordbruket er også nemnt, med få
45 og ikkje altfor bindande ordelag. Og her må eg få stanse litt.

Når det gjeld både sjøbygdene og skogsbygdene, og kan henda aller mest når det
gjeld jordbruket i det heile, får ein ikkje av det som er lagt fram, noka kjensle av
at det er det alvor i problema som etter vårt syn er der. «Kystens problem» var i
50 sin tid problemet, og vi har hatt - og kan få det enda meir - eit skogen sitt
problem, men ikkje minst har vi no eit jordbruket og bygdenæringane sitt
problem så nære innpå oss og så djuptgåande at det kan bli avgjerande for heile
vår framtid som folk om vi greier å løysa det eller ikkje, og korleis vi gjer det.
Vårt mål må vera, som det også har komi fram i dei politiske program i år, at alle
55 lag av folket har rett til å få del i det kulturelle og sosiale sams gode, prinsipielt på
like fot. Der kunne det ligge nær, om ein hadde tid og høve til det, av kulturelle
gode også å nemne slikt som opplæring av våre born og vår ungdom, det høve
som blir gjeve born og ungdom i by og bygd, og samanlikna der korleis vanskane
tårnar seg opp for framtøk ungdom ute i dei grisgrendte bygdene våre
60 samanlikna med den ungdomen som veks opp inne i sentra. Det kunne også
ligge nær, når eg er inne på dei sosiale gode, å sjå på korleis dei har det med
husvære og utstyr i heimane, serleg når vi tenker på det som skulle letta kvinnene
sitt arbeid. Eg vil ikkje koma nærare inn på slike detaljar, det blir vel høve til det
seinare. Men både nå det gjeld desse kulturelle spørsmål, og når det gjeld desse
65 sosiale spørsmål, skulle eg ynskje at Riksstyret ville vise den same interesse som
det alt har vi for mange ting, og late spørsmålet om ulikskapen i kår når det gjeld

sosiale og kulturelle tilhøve i byar og sentra og ute på bygdene, bli granska og utgreitt på breiaste grunnlag. Denne ulikskapen når det gjeld sosiale og
70 kulturelle tilhøve, heng uløysande saman med ulikskapen på det økonomiske område, og på dette økonomiske område - det må fyrst bli sagt - ser det ikkje lyst ut, serleg på bygdene i dag. Ikkje skal eg no gå i detalj om dette her, berre vil eg som ein illustrasjon nemne at vanskane alt no er store både med omsyn på arbeidshjelp og på andre måtar på mine kantar av landet, i Trøndelag. Det er
75 vanleg på tale å minska buskapen og på annan måte freista å vegetere på ei ekstensiv drift. Men det er ikkje noko mindre enn ei dødsline, det er stagnasjon, det er tilbakegang.

Mangt vil koma på tale for å avbøta denne vanlagnaden; men det kan i
80 hovudsaka truleg berre gå for seg på to måtar. For det fyrste ved å nytte dei naturgjevne vilkår og moderne hjelpemiddel på ein meir målmedviten måte enn hittil. Og her kan ein vesseleg - og ein bør legge vinn å det - nå etter måten langt. Rasjonalisering, serleg når det gjeld dei større bruk og våre beste jordbruksstrok, er ein viktig ting. Men heilt fram når ein knapt berre med dette, aller minst når
85 det blir tale om dei vanlege småbruk, og det er, som vi veit, storparten av våre bruk her i landet, såleis i fyrste rekke i våre kystbygder, våre fjordbygder og våre fjellbygder. Her må ein tenke på serlege tiltak om ein skal nå fram. Ein kunne nemna slikt som attåtnæringar, arbeid for å gjera bruka større og visseleg mangt anna. Lat meg berre få lov til i denne samanhengen å peika på eit einaste
90 spørsmål, men eit spørsmål som etter mitt skjøn også femnar vidare. Det gjeld elektrifiseringa av landet. Det er så vidt nemnt i fråsegna her i dag, nemleg i den form at ein skal bygge ut dei kraftbruk som ligg best til rette av dei som ein har teke til med. For min part ser eg dette som noko av det største og viktigaste vi kan gå i gang med, også for berginga av bygdene. Billeg drivkraft kan bli eit
95 viktig grunnlag for arbeidsliv og verksemd. Det kan vera deler av vårt industrielle liv som no er bunde til ein storindustri, som på ein naturleg måte kunne bli tekne over som heimeindustri i bygdene, om berre dette med billeg drivkraft og maskinelt utstyr, høveleg utstyr, låg til rette for det.

100 Det andre som etter mitt skjøn må til for at vi skal greia å nå fram til ei jamstelling for desse bygdenæringane - noko vi alle er samde om etter fellesprogrammet - det andre som eg trur må til, det er at nasjonalinnkoma vår blir sett på som ei sams innkome meir enn før, og at dette også kjem til syne både når det gjeld skattespørsmål og når det gjeld på ein rettferdig måte å gje
105 heile folket høve til å få del i dei sosiale og kulturelle gode som vi evnar å skape.

Her kunne eg ville nemne slike ting som samskattspørsmålet, og her - men på ein annan måte - vil eg nemna i denne samanheng eingongsskatten. Eg vil vone at denne skatten ikkje kjem att på ein slik måte at det framleis blir grunn til å
110 ottast at han vil tena til ei utarming av kommunene ut over landet, kommunene som heilt visst vil få sitt svare strev med å greie sine budsjett.

Men dermed nærmar vi oss eit av dei største og vanskelegaste notidsproblem, ikkje berre i vårt land, dette som vi kallar sentraliseringsproblemet, eller kan
115 henda rettare spørsmålet om desentralisering. Hittil har vi bygdefolk lenge vori åleine om å reisa dette problemet. Vi har nemleg lenge kjent verknaden av sentraliseringa. Fyrst no i dei siste åra har det nått så langt i utviklinga av denne sentraliseringa at også dei mindre bysamfunn hos oss har fått merke kva det gjeld.

120 Oslo har etter våre tilhøve og med tilskuv i krigsvilkår nådd dit at byen har ei automatisk sugееvne. Det skulle undra meg om ikkje statsministeren, som likesom i harme og undring vart vår ungdomen sin hug til å vandra ut i vide verda, her vil finne noko av svaret. Ungdomsstraumen har i mange år, og med
125 aukande fart og makt, gått inn til byane, og helst til den store. Alt før krigen var det trongare og vandare for bygdeguten og bygdegjenta å finne arbeidsrom der inne, også av den grunn at arbeidet tok til å bli monopolisert, serleg da i dei fag som stod i høgste kurs. Så kom krigen, og mykje ungdom - av vår beste, men og av ringare slag - fann vegen ut. Dei drøymde seg heim, og som så mange av vårt
130 folk her heime og, hadde dei eit heller dårande syn på eit herleg tilstand, berre freden kom. Han er komen, freden, men ikkje herlegdomen. Og ungdom ute og ungdom heime såg det lite lysande å slita bygdelivet, og byen gav bokstaveleg ikkje rom, kunne ikkje gjera det. Så stod dei der, og lengten bort tok dei. Eg seier ikkje at dette er heile svaret på statsministeren sitt spørsmål om ungdomen, men
135 eg trur at det er noko av det.

Ut ifrå dette som eg no sist har halde fram om bygdefolket si serskilde stode, fester eg meg naturleg med den største interesse ved det som er uttala i fråsegna om ein samla økonomisk plan, «som sikrer at oppgavene blir tatt opp i riktig
140 rekkefølge». Det har vori peika på det her før i dag. Røynsla vår på bygdene er diverre den at sentraliseringa si lov lett vil føra med seg at dei som har, oftast òg blir dei som får først. Og når eg i dag ser på menneskapet kring statsministeren, må det spørsmålet unekteleg melda seg, om dette menneskapet - som alle på ein nær, trur eg, er frå byane, og halvparten av dei er frå Oslo - kan gje meg trygd for

at bygdefolket sine interesser kjem inn i rekkefylgja på riktig plass. Eg vil vone det, for dette er nett no noko av det viktigaste. Heile denne lange rekkja av tiltak kann ein visseleg rekna med vil bli så vidt kostesame, at dei som kjem sist i rekkjefylgja, får venta heller lenge. Og no har vi ikkje råd til å kome sist på
150 bygdene, - det er mi ålvorlege meining - om det skal kunna gå godt.

Så mykje om planar og reformer. Vi kjem attende til dei når dei ligg føre utgreidde, og når vi får greie på kva vi kan rutte med av midel. Lat oss vona at planane blir gode! Lat oss til og med tru at dei blir framifrå! Men er vi så dermed
155 velberga? Eg for min part må svara nei. Det er noko som er viktigare enn alle planar og reformer, det er noko som er heilt avgjerande vilkår for at planar i det heile skal bli verd noko meir enn det papiret dei er skrivne på, det er noko som er avgjerande for at mindre gode planar òg kann føra gjennom dei største vanskar, og dette eine er folket. Det er vi norske kvinner og menn, det er vi som skal
160 verkeleggjera planane, det er vi som skal sette liv i dei, det er vi som er vilkåret for at planane kann duga. Eg ville nødig at vi skulle lulle oss inn i den trua at berre vi kann legge planer og gje dei flotte navn, skulle alt vera velberga. Men er dette rett, at det er folket det gjeld om, vil det og vera rett at styresmaktene forstår dette folket, og at dei veit å stella med dette folket slik at det er viljug til å gå inn
165 for planene. Vi har levt i 5 år under okkupasjon, og vi har skoleeksempel på hva det har å seia for styringa at ho ikkje skjønner sitt folk. Dei hadde planer dei og, og dei såg bra nok ut på mange vis, men dei skjønna ikkje folket sitt, stelte ikkje med folket så at det kunne skapast liv i dei planane - lukkelegvis vil vi nå seia etterpå. Men vi treng å skjønne folket; vi, riksstyre og storting, treng å vite og kjenna
170 ansvaret for at vi og steller med dette folket ut ifrå ein inderleg kjennskap og ein inderleg samhug med alle greiner og klasser av dette folket. Då kan det stundom henda at styresmaktene også må seia sitt folk sanningar som ein ikkje nett blir populær på. Eg skulle tru det kan henda er det veikaste og vandaste i det kjære folkestyret vi har fått lagt til vårt hjarte no i desse åra. Eg har ofte sagt at vi
175 politikarar er ikkje redde for noko på jorda utan veljarane.

Det er eit par slike sanningar som det kan henda det vil kosta noko å peika på, som eg vil minna om i denne samanhengen. Ei av desse kan eg forma slik: Vi har sidan vi vart fri, for mykje vore eit folk i fellesferie, i fest, i streik. Vi forstår det
180 alle at trongen var der, både til ferie og fest, og også til streikar. Men vi hadde ikkje råd til det. Vi hadde ikkje råd til å ta oss meir enn «trjå heile dagar til ende» til fest. Vi hadde ikkje råd til alt for mykje å vera opptekne berre av fellesferiar. Og eg vågar meg til å seia at vi har òg hatt lite råd til å streika. Det eg ankar over i

185 dag, er at det ikkje frå høgdene har vore sagt eit alvorsord til dette folket om det.
Det har vore skrytt av oss, eller skal vi seia at vi har vore flinke til å skryta av
kvarandre. Vel, ordet har vært nemnt, ordet arbeid, slit, det skal seiast serleg
statsministeren til ære. Men det skal også seiast at helst og oftast har det vore
nemnt i fest. Eg vågar påstå at maninga til arbeid hadde verka annarleis om ikkje
190 all festinga hadde verka som opium på folket. Det kunne no helst sjå ut til at her
var det inkje som stod på, helst av den grunn at det var dei fremste som gikk i
spissen til fest og atter fest. Dei som ikkje kunne vera med i festinga, og heller
ikkje fekk stort ferie, det var dei som måtte slite. Og då vil eg nemna at det var
bønder, små og store, det var fiskarar, og det var arbeidarar i ymse yrke - og
195 andre. Men dei fekk heller ikkje skryt. Fekk dei høyra noko, desse bøndene,
fiskarane, og delvis også arbeidarane så var det om sine synder. I lovtalene merka
ikkje eg til denne dag at dei serleg var med. Ris fekk dei, sjeldan ros. Og enda er
det grunn til å tru at dei styrande i Noreg vil få bruk for slitarane, folk som eig
evne til å forsaka, og evne til å halda ut i tru. Kva vi no enn meiner vi seinare kan
200 nå fram til av høg og lettvint levestandard, - det stykke veg som ligg nærast for
oss, blir ikkje ein spasergang berre. - Er styrarane i Norge redde for å syna folket
dette og seia det? Då er ikkje folket verd alt festskrytet. Men eg trur at det toler å
bli stelt andlet til andlet med den ålvorlege sanninga. Eg meiner det har rett til å
møta på høgaste stad kravet og ålvoret i situasjonen. Blir ikkje folket i tide vår
205 dette situasjonens krav, vil dei ymse grupper møta med sine krav som ikkje
svarar til situasjonen. Og skal styresmaktene etter kjøpa seg til ein stakket fest,
står det et spøkjelse ikkje langt unna, og det heiter inflasjon. Kvar den og alle slag
«friheteter» kan føra oss, er det i dag ingen gjeve å seia for visst.-Verst er
krigsungdomen vår faren, denne ungdommen som fekk nevane fulle av falsk
210 mynt for å øva det som den gongen var ein dyd - å sabotera. Å få dei omstelde
krev ein hard skule. Skulle den ungdomlege fylkinga kring statsministeren ha
noka von om å gjera innsats, måtte det vera andsynes sine eigne, om dei ville stå
fram for ungdommen og tala ungdommens eige språk og seia: Hei, vi må hanga
i, gutar!

215

Den andre beiske sanninga vi må bli minna om, er denne: Vi har vori, og er for
mykje enno eit folk på jakt, på menneskejakt. Atter er å seia at det var naturleg at
noko måtte til. Ja mykje måtte til. Det måtte ei opprydjing til med fast, stundom
med hard hand, så hardhendt at det kunde blø i mange. Ein talar her føre meg
220 anka over at denne handa har vore for lite hard. Eg veit ikkje kven han då tenkte
på. Personleg finn eg at den handa har vori hard, og måtte vera hard, men atter
er å seia på bondevise, at det skal vera måte med alt. Kven skulle ein vera hard

225 mot? Det var flest mogleg? Skulle føremålet vera å gjera mest mogleg av Noreg til ein kyrkjegard, før vi kunde ta til med landet si frelse, eller skulle vi ta til på toppen?

230 Det fyrste ankemålet mitt når det gjeld desse ting, er at dette sværeste oppgjeret og hardaste inngrepet i det norske folk sitt liv, er planlagt og gjennomført av ei lita gruppe einskildmenn, og dei avgjerande av dei sat til og med i framandt land. Og desse få menn nytta dei vanskar vi var i, til å hindre at desse «anordninger» vart drøft og fekk sin sanksjon i Noregs storting.

235 Det andre svære som det her er å anka over etter mitt skjøn, er dette at dei same få einskildmenn som avgjorde dette, dei sit sjølv og rår over liv og død for tusen av våre landsmenn. Her vil eg få nytta eit ord av den kjende engelske professor Laski, når han seier at ingen samling av sivile tenestemenn, kor liberale dei enn er, burde ha høve til både å laga lover og til å føra prosedyren som skal godtgjera kva som er legalt. - Gjeld dette reint ålment, så gjeld det tifold meir i eit tilfelle
240 som landssvik.

Det tredje svære som det er å anka over, er dette, som det nyleg har vori peika på, at det er sett same fælslege namnet på ein stakkars jentunge på 15-16 år som på Quisling eller ein Rinnan eller andre brotsmenn. - No blir endeleg saka lagt fram
245 for Stortinget etter at det har måtte bli gjort brigde i «anordningen» fleire gonger. Det syner etter mitt skjøn klårare enn mangt anna at det har vori gått, skal vi seia noko vyrdslaust fram med å laga desse. Når saka no kjem her, vil eg vone at ho blir sett på under denne doble synsvinkelen: Først at skuldause, helst då kvinner og born, får det vern som det sømer seg eit folk som gjer krav på å stå
250 på eit rimeleg høgt kulturnivå. Og for det andre, at det må bli gjort klårast mogeleg skilnad, så vi ikkje set svikarnamnet på likt og ulikt.

Spør de meg om det er rett og rimeleg, so svarer eg at slik som det er meininga, etter det eg har sett, å avgrensa når det gjeld tyskarbeidarane, slik må det også
255 vera rett og rimeleg å freista fara åt mot dei andre. Det eg har sett, er dette at tyskarbeidarane skulde skiljast ut på den måten at berre dei som friviljug har gått frå arbeid og til direkte militært arbeid for tyskarane, berre dei skulde koma under ansvar. Resten skulde bli fri. Og eg seier ut frå mitt personlege syn, at eg er heilt avgjort samd i det. Men då seier eg også at det einaste rettferdige er at vi
260 ser på dei andre ut frå det same grunnprinsipp. Det har vi ikkje gjort. Enda frå kantar der vi aldri hadde venta det, har det vori hevda like til dei siste dagar at

265 hovudsaka er å få tak i flest mogeleg, hovudsaka er å få leita opp flest mogeleg så
det kunne finnast ein flokk stor nok til å bli gjort ubrukeleg som nordmann for
all framtid. Eg vil difor streka under dette: Lat desse mange småsyndarar få sin
sjanse. Kom i hug ein av våre kulturmenns, Olav Duuns, ord i boka om
«Ragnhild»: «Ein drep ikkje det vonde med øks». Dette trur eg for min part er
kristent syn, kor lite det enn har komi fram frå dei «som vakt skulde vere».

270 Også på det politiske området har vi vori «på jakt». Kampen mot det «gamle
Stortinget» og det som heng i hop med den, vil alltid stå for meg som noko av
det ufjelgaste eg har møtt i det offentlege liv - enda om dei har freista å føre
striden i flomlys frå trona og under signing frå høgalteret. Det eigentlege gjekk
nemleg for seg i meir eller mindre mørker.

275 Så har eg berre att, med di eg viser til innleidingsorda i fråsegna frå Riksstyret,
der det står at Riksstyret «bygger på fellesprogrammet som sitt grunnlag og
dernæst på arbeiderpartiet» - å leggja Riksstyret og dess parti her Stortinget på
hjarta eit par viktige ord av deira politiske frende, og dertil engelskmann,
280 professor i politisk vitskap ved universitetet i London, Laski, der han om
fridomen og dei politiske oppgåvene som skal verna om den, segjer: Vår
oppgave - vår business, står det på engelsk - «er å trygge jamvekta millom
fridomen vi treng, og den autoriteten som er av vesentlig vekt når det gjeld å gi
vanlege menneske den klåre kjensla at dei har ålbogerom for ein
285 personlegdom.» Laski er so vidt eg veit ein politisk frende av vårt riksstyre og
dess parti, og eg trur det er noko av det viktigaste når det gjeld vår næraste
framtidspolitikk, det han her har peika på: å finne den rette avgrensning, finne,
som her står, jamvekta mellom den fridomen som vi treng, og den autoriteten
som er vilkår for at vi skal kjenna at vi har ålbogerom for vår personlegdom.
290 Personleg trur eg at det er den høgste statsmannskunst som vi står framfor, men
også den vandaste, som krev evne og vilje til ei vurdering som ikkje er kvar
manns sak. Og det trengst eit mot som heller ikkje er kvar manns sak, av di at på
desse område vil nettopp massesuggesjonen, skrikets makt, gjera seg gjeldande.

295 - Nokre ord til av den same forfattar vil eg også be om at Riksstyret og dess parti
legg seg på sinne:

«Den som utøver makt i sit fellesskap, er freista til å misbruka makta. Til med i
eit demokratisk samfund må ein ha måtar og midlar til å verne minoriteten mot
300 ein majoritet som vil trenge inn i mindretalets fridom.»

Det har hendt ting i og utanfor Stortinget som gjer desse ord aktuelle også for oss, og eg vil vone at dei som no «sit med makta», som det heiter, vil koma i hug
305 at det fylgjer nettopp det ansvaret med den stilling, at ein kjenner at ein må halda måte om det skal verka til velsigning.

Vilde dei så syna alvoret i den vakre talen om samarbeid, om ikkje meir enn i tvo saker, som eg no skal nemna til slutt, fordi dei meir enn andre burde stå over
310 partipolitikken, vilde det vera til glede for mange og til gagn for Noreg. Dei tvo sakene er forsvarssaka og utanrikspolitikken. Både sakene ser det ut til er sams saker for oss som folk og bør vera det. Men det kan likevel ikkje gjøymast burt at like til det siste går det spørsmålet gjennom folket når det gjeld forsvarssaka: Kva er det som eigenleg går for seg med omsyn på forsvaret? Og det er også visse
315 planar når det gjeld samarbeidet vårt i utanrikspolitikken, som gjer at vi spør: Kva er meininga? Eg minner om det vi alle veit her i Stortinget, at dei med makta har avgjort at vi skal ha formannskifte i utanriks- og konstitusjonsnemnda vår. Ved dette høve og i denne situasjon ligg det meir vekt på det enn eit formannskifte vanleg førar med seg. Og eg ser det som ei hending
320 som eg djupt ankar over, av di eg finn det sakleg urett og eg finn det uheldig for Noreg både utetter og innetter. Dersom det ikkje er meininga beint fram å kløyva oss på dette område, so ser eg ingen sakleg grunn til at det skulde skje. Det er som om det skulde vera - det eg ikkje vil tru - nokon som er blitt so romstor at han ikkje toler vaksne folk ved si side. Men er det på noko område vi
325 treng at vaksne menn møtest i samarbeid, når det gjeld det norske folks interesser, så er det akkurat her andsynes det utland som vi i så mange måtar er avhengige av og som vi treng å stå samla mot. Det er godt nok med den «goodwill» mange hevdar at vi har, det er berre å ynskja at vi held fast på han. Det er også trøystefullt at det kan bli sendt meldingar heim om at vår
330 utanriksminister gjester sin gode venn Bevin. Men dersom ein trur - anten det gjeld «John Bull» eller «Uncle Sam» - at dei driv sin utanrikspolitikk andsynes det norske folk av berre «goodwill» og personleg vennskap, lenger til vår bate enn det er i deira eiga interesse, då trur eg dei tek i miss. Det er vi sjølve - atter kjem eg tilbake til det - det er arbeidet og slitet, det er vår eigen produksjon, det
335 er vi sjølve som må leggja grunnlaget for det vi skal møte med derute for å skaffe oss den valutaen som blir så avgjerande for vår utvikling.

Eg sluter med å seie frå at vi - bondepartiet - på vår side av skiljestreken ikkje har noko ynske om å sjå ein sympatisk og velmeinande statsministar knekka nakken

berre av di han ikkje av og til, når det trengst, vågar å slå i bordet også til sine eigne. Det blir nemleg ikkje dei borgarlege som knekk nakken hans. Vi vil tvert om tilseia sakleg stønad så langt han og styret hans syner seg som ansvarlege ikkje berre for eit parti, men for heile folket.

345

Kilde

Stortingstidende 1945-1946, s. 47-52.

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/jamvekta-mellom-fridom-og-autorit>

350

355

360

365

370

375